



Voss herad



Debatt «Bygd for turistar»

26. februar 2025

Rapport/ oppsummering/ 110325



Innleiing

Biblioteket inviterer til tre debattar i løpet av våren som skal bidra til at vossingane i sterkare grad tek styringa over eiga bygd. Debattserien «*Kva slags Voss vil me ha?*» er ein av mange aktivitetar som skal gjennomførast for å skapa brei og god medverknad i samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Fyrste debatten, «*Bygd for turistar*» gjekk av stabelen onsdag 26. februar og om lag 70 innbyggjarar hadde tatt vegen til biblioteket denne kvelden.

Reiselivet på Voss pregar bygda vår og dette var utgangspunktet for debatten. Viktige spørsmål som vart lyfta fram i debatten var desse:

- «*Kva slags turistar er det me ynskjer ha på besøk og kva ynskjer me visa fram?*»
- «*Korleis kan me få reiselivet og bygda til å gå hand i hand*»

Bibliotekssjef Kirsten Elisabet Eitrheim Aga opna debattserien og ynskta alle velkomne innan ho gav ordet vidare til ordstyrar Tor Helmer Halvorsen, stabssjef i Voss herad.

Innlegg v/Hanne Lykkja

Hanne Lykkja introduserte omgrepet «besøksforvaltning» og synte innleiingsvis ein film som synte erfaringar så langt i hennar arbeid med besøksforvaltning – særleg då med døme frå arbeidet som har vore gjennomført i Nordland fylke. Hanne Lykkja peika på at det er viktig å finna rett balanse mellom vern og utvikling, og at arbeidet med besøksfovaltning bør involvera så mange som mogeleg lokalt.

Kva er besøksforvaltning?

Besøksforvaltning er eit ganske nytt fagfelt i Noreg og relatert til ei aukande bevisstgjerung om at reiselivsnæringa vår har behov for ei aktiv forvaltning, både med tanke på å redusera slitasje på natur og på lokalsamfunna. Samstundes er det viktig å styrka dei positive effektane reiselivet har for stadutvikling og lokal verdiskaping. I NOU 2023: 10 «Leve og oppleve — Reisemål for en bærekraftig fremtid» som vart lansert i mars 2023 vert det sett fokus på handlingsrommet for besøksforvaltning og reisemålsutvikling i norske kommunar. Vestland fylkeskommune har fylgt opp dei mange anbefalingane frå sentralt hald og har no ei bevisst og målretta satsing på nettopp besøksforvaltning, noko som igjen skal få alle kommunane i Vestland fylke til å engasjera seg i arbeidet.

Faktaboks - kva er besøksforvaltning?



Arbeidet med besøksforvaltning har vorte gradvis endra siste åra. Tidlegare har det typisk vorte jobba med i regi av Verneområdeforvaltninga, no er det lagt meir vekt på å sjå arbeidet med besøksforvaltning tett opp til arbeidet med lokalsamfunnsutvikling.

Vestland fylkeskommune har no starta eit tre- årig prosjekt om besøksforvaltning (etter kopi frå Nordland fylkeskommune) der Voss er ein av 22 kommunar som deltek. Pilotprosjektet i Voss herad har vore Oksenhalvøya der det har vorte gjennomført «kræsjkurs for besøksforvaltning» ila haust/vinter 2024.

Arbeidet med besøksforvaltning i både Nordland, og no i Vestland, tek utgangspunkt i Cillian Murphy sin «*Persistent enquiry*» og dei fem spørsmåla han tenkjer er viktig å stilla i arbeidet med besøksforvaltning.

1. Kvifor treng me turisme?
2. Korleis har me det i dag?
3. Kvar og når ynskjer me gjestar?
4. Kven vil me invitera med oss heim?
5. Korleis får me tak i dei rette gjestane?

Cillian Murphy

Faktaboks "The persistent enquiry"

Hanne Lykkja poengterte at det er viktig at me lyt ha eit heilskapleg system for besøksforvaltning der alle relevante aktørar vert involvert frå starten av.

Samtale om prosessen i fylket, på Voss og erfaringane frå Oksenhalvøya.

Britt Dalland og Hanne Lykkja

(Ranveig Djønnne frå grendalaget på Oksenhalvøya måtte melda avbod grunna sjukdom).

Erfaringar frå Djønnno:

- Det viktigaste er at dei vert høyrte/sett, og at folk i grenda kan snakke saman om tankar dei har rundt problemstillinga.
- Utfordring med mykje trafikk gjennom Djønnno. Konflikt med landbruk, gardstun, ungar.

Utfordringar:

- Sosiale media, ut.no, influensere, osb. Fører til stor trafikkauke, og ein har mista kontrollen på marknadsføringa.
- Mange instansar vil vera involvert i løysingar – t.d. vegmynde, kommune, innbyggjarar



Paneldebatt:

Ørjan Himle, grunneigarsamskipnaden – grunneigarane har ein viktig rolle i dette og utmarksressursane må ivaretakast. Men reiselivet er viktig. Ynskjer besøksforvaltning velkomen.

Bjørnar Nedkvitne, Voss Bondelag – prøver å forvalta beireressursane – ynskjer at det vert tatt omsyn til beitedyr. Hunder er spesielt viktig å passe på.

Oddvar Bratthole, Vossestrand Bondelag – Bonden held bakgrunnsareal, og aukande turisme skapar konflikter. Kan vera både parkering og toalett. Også smittefare knytt til besøk kan verta eit problem. Lause hunder er ei utfordring. Folk går på tur og problem med at grunder vert ståande oppe – fører til problem. Ynskjer turisme, men ikkje på bekostning av bonden.

Benedicte W. Skaug, Visit Voss. Korleis marknadsføre reiselivet? Destinasjonsledelse – ansvar og samarbeid delast med kommune og andre aktører. Undersøkelse – folk stort sett nøgde med reiselivet, men mulig å sjå ein negativ tendens. Viktig å ha fokus på reiselivet.

Margrethe Alm, Voss Utferdslag. Kjempeglad for besøksforvaltning. Arbeidet dei gjer er viktig både for bulyst og besøkjande. Dei får masse spørsmål om manglande tilrettelegging og skilting. Seier at dei er avhengig av samhandling rundt dette.

Harald Haaland, Norways Best. Ambisjon om å veksa-men samtidig ta vare på naturen. Må spreie trafikken betre utover veka. Også ansvar for Flåm, som har problem med mykje folk. Ser behov for verdiveks ikkje vekst i folk.

Øystein Ormåsen, Wild Voss. Små grupper ut på tur. Vil skape og dele turglede. Opplevelser i fri natur. Aktivitet, lære noe, få nye perspektiver. Personlige, aktive og ansvarlige opplevelser. Har fokus på natur og kultur. Ser at de er avhengige av natur andre eier, og tar med folk rundt som også sprer dette vidare. Ormåsen oppfattar seg sjølv som ein lokal ambassadør for både vossanatur og vossakultur. Opplever berre positive attendemeldingar gjennom å dela desse turgledene. Skaug – peiker på at Ormåsen driv med baseturisme som gjer at folk holder seg på Voss lenger – i tråd med reiselivsstrategien.



Spørsmål/ refleksjonar frå panelet:

Bratthole tenkjer det i vidare arbeid er veldig viktig at me har dialog og samarbeid – då kan me få til noko bra i lag. Haaland var einig i at dette med å informera godt nok og nok er eit tilbakevendande tema der me alle burde kunne bidra i vidare arbeid. Benedicte Skaug poengterte at landbruket vårt og bønder er viktig også i samband med reiselivsprofileringa vår – dette då nettopp landbruk og kulturlandskapet vårt er del av «merkevara Voss». Britt Dalland peika på at dei 22 kommunane som er med i satsinga til fylkeskommunen ser mange av dei same utfordringane som dei me har på Voss, men at me hjå oss no har eit godt utgangspunkt for å få noko bra til. Haaland lyfta fram at sjølv om det er negativ trend knytt til korleis vossingane ser på turisme og reiseliv, er det likevel ikkje store konflikhtar hjå oss. Difor rett å satsa på meir samstemt satsing på besøksforvaltning no.

Andre kommentarar:

- Har grunneigarane ansvar for å legge til rette for reiselivet? Bratthole – kommunikasjon er det viktige her – må snakke saman for å finne løysingar.
- Reiselivet har også ansvaret for å informere? Haaland, dette er ein utfordring i heile landet. Korleis skal ein opptre for å gjere dette på ein god måte?
- Skaug – må aldri legge ansvaret på bønder. Landbruket er ein av dei tinga som gjer Voss interessant – Voss er ein landbruksbygd.
- Britt Dalland VFK – bruk av utmark og interessekonflikter med grunneigarar/bønder gjeld mange kommunar – 22 kommunar i Vestland i prosjektet– peiker på dei same problemstillingane som må løysast i lag.
- Haaland – spørjeundersøking syner ein noko negativ trend når det gjeld trøtthet mellom innbyggjarar og reiseliv. Men generelt liten friksjon, og Voss har eit unikt utgangspunkt for å få til gode løysingar.
- Lykkja: Dei nyttar begrepet besøksforvaltning bevisst – for dette omfattar ikkje berre reiselivet med også vanlege innbyggjarar og friluftsentusiastar. Men det er utruleg viktig at alle berørte aktørar blir involvert. Stiller spørsmål om kven som har ansvaret for opplæring og informasjon? Ofte vert det peika på kommunen, men dette må me løyse i lag!
- Bratthole: Viktig å ha med seg at når me er på tur, er me på besøk! Dyra bur der.



Open mikrofon:

Frå salen:

Kor mange offentlege toalett har Voss herad? Ormåsen, - er han klar over at han må ha tillatelse frå grunneigar? Elles er det ikkje lovleg. Svar frå Ormåsen: Virksomheten som han driv med er lovleg.


Frå salen:

Kristian Østrem: Kjempeviktig med besøksforvaltning. Har som grunneigar nær Vossevangen opplevd utfordringar. Vil peike på allemansplikten. Viktig å involvere alle berørte grunneigarar. Har både kommunal veg gjennom tun, og kulturminne som mange ikkje tar hensyn til.

Ormåsen: Generelt stor mangel på infrastruktur for folk som vil på tur, både parkering, toalett og søppel, men også skilting av startpunkt. Viktig å legge til rette for at folk kan få høve til å oppføre seg på ein ordentlig måte. Alm: Dei har løfta fram dette med allemansplikten også. Mangel på kunnskap om dette gjeld like mykje nordmenn og lokale, som utlendingar.

Innspel:

6 kart – 10 min til å sette punkt som er utfordrande og som er viktige –smerte-/hjerterpunkt. Innspela på karta vil bli tatt med i det vidare arbeidet med besøksforvaltning.





Oppsummering i plenum:

Fleire utropsteikn!

- Eide/Granvin – toalett og parkering
- Hodnaberg – parkering og toalett
- Sentrum - toalett
- Storåsen – beitedyr – grindar og hunder – informasjon/skilting

Andre innspel i oppsummeringa:

- Manglande infrastruktur i Myrkdalen – rekkefølgekrav som ikkje er fulgt opp fører til trafikale utfordringar , og manglande løysingar på vatn og avløp.
- Utferdslaget etablerte turløype i Brekkhus, rute til Njuken, gjennom et tun med fleire selhar ført til frustrasjon og utfordringar.
- Mjølfjell/Raundalen – ikkje markedsfør naturen her men bruk guider. Manglende/dårleg infrastruktur som ikkje toler trafikkauke.
- Rydding Prestegardslandet/Prestegardsmoen også viktig i helger.
- Ynskjer meir aktivitet på Vangsvatnet.
- Generelt manglande tilrettelegging og fasilitetar knytt til rasteplassar.

GU/KNF/KF/110325



Program paneldebatt «Bygd for turistar», 26. februar 2025

19.00 – 19.05	Velkomen til debattserie – den fyrste av tre våren 2025	Kirsten Elisabet Eitrheim Aga Tor Halvorsen
19.15 – 19.35	Kva er besøksforvaltning?	Hanne Lykkja
19.25 – 19.45	Samtale om prosessen i fylket, på Voss og erfaringane frå Oksenhalvøya.	Hanne Lykkja Britt Dalland Ranveig Dønne (meldt avbod)
19.50 – 20.15	Paneldebatt med representantar frå heilskapen knytt til reiselivet – frå grunneigar, bonde, reiseliv og friluftsliv.	Harald Haaland, Norway's/ Reiselivsrådet Øystein Ormåsen, Wild Voss/Reiselivsrådet Bjørnar Nedkvitne, Bondelaget Oddvar Bratthole, Vossestrand Bondelag Ørjan Himle, Grunneigarsamskipnad Margrethe Alm, Voss Utferdslag Benedicte W Skaug, Hardanger og Voss Næringshage Hanne, Britt og Ranveig blir med der det er naturleg.
20.15 – 20.25	Kartlegging av hjarte og smertepunkt i plenum	Hanne Lykkja
20.25 – 20.30	Takk for i dag og vel heim	Tor Halvorsen